



Svala 4H



Varhaug
Bondekvinnelag

Varhaug Buen

Lokal-lagsavis utgitt av Varhaug BU, Svala 4H, Varhaug
Bondelag og Varhaug Bondekvinne-lag



Varhaug BU



Varhaug
Bondelag

Mai 1996



Vår på Jæren

Travle dager i sauefjoset - eit
sikkert vårteikn.

Jubileumsutstilling
på Jærmusèet

Bondekvinnelaget
50 år

side 5

Varhaug BU arrangerer

Midtsommer- sprell

22-23 Juni

mer på side 11



Husk
Varhaug Marken!

7 og 8 Juni

Alle 4 laga vil være
representerte der

Internatet begynner å ta form

Nå er det like før at BU sitt rom på toppen er ferdig. Her er det little romet på aust slått saman med det i midten, slik at det vert eit skikkeleg stort og godt møte-rom. Romet mot vest - som skal verta kontor - får koma i neste omgang.

Moteromet til 4H - som er den gamle matsalen i kjellaren - står nå for tur til å få ei lita «ansiktsløfting». Her skal veggene malast, og det skal leggest nytt golvbelegg.

Alt arbeidet vert gjort på dugnad av medlemmane, men det går jo ein del pengar til materiell. Derfor må ein ta det slik på om på, alt etter som INTERNATET har pengar til det.

I skiftet med jernbanen - der me har saga ned dei store grantrea - skal det

plantast i ein eller annan hekkplante. Dette skal me gjera både for å få det litt trivelegare rundt huset, men ikkje minst for å skjula tre-gjerdet mot NSB.

For å visa at me i styret for INTERNATET set pris på den fantastiske dugnadsinnsatsen som er gjort, vil me invitera til grillkveld i hagen fredag 28. juni. Det vert ikkje sendt ut noko skriftleg innbyding, for me reknar med at dei som har vore med på ein eller form for dugnad enten les Varhaugbuen eller ser plakatan som vil verta sette opp. Så her er det berre å møta opp på INTERNATET fredag 28. juni kl. 19.00 med godt humør og noko å sitja på (campingstol e.l.)

Helsing INTERNAT styret.

Grillkveld

(eller dugnadsgrill)

på Internatet fredag 28. juni kl. 1900

Alle som har gjort ei eller anna form for dugnad på Internatet, vert med dette invitert til grillkveld på Internatet.

Grillmaten ordner Internatet med, men ta med dykk noko å sitja på, og mykje godt humør.

Hilsen Internatstyret

Varhaug Marken

Varhaug bondelag

Eit år går fort og den 7. og 8. Juni er det Varhaugmarken att. Me vert som vanleg å finna på den vante plassen i Bondeteltet saman med Bondekvinnelaget. Folk kjem langvegsfrå for å smaka nykinna smør, flatbrød og saup så her gjeld det å halda på tradisjonane. Kaffien og spekeskinka er og på plass desse dagane,

me håper at mange kjem innom oss då til god drøs og prøvesmaking. Den første timen etter åpninga på fredagen vil vi servera rundstykker og kaffi til pensjonistane. Laurdag morgon frå 9 - 10.30 serverer vi god og skikkeleg jærsk frokost. Olav R. syter som vanlig for garantert nylagde egg. Vel mott!!



JARLSBERG
«WORLD-WIDE»

Jarlsberg er forbunde med kvalitet. Den er osten for kjennarar og den største eksportsuksessen i norsk meieriindustri. I dag finn ein Jarlsberg i 90% av alle supermarkeder i USA.

Rogalandsmeieriet er blant dei største produsentane av Jarlsberg i Noreg.

Rogalandsmeieriet



Gildt på marken, men desse må finna seg i å vera heima. Berre dei kjem seg ut på grønt gras så gjer dei vel forresten ein god dag i heile marken.

Svala 4H

Som vanleg stiller og Svala 4H på Varhaug-marken. Også i år vil vi stille med ballkast og salg av 4H-utstyr



N • A • R • F
NORGES AUTORISERTE REGNSKAPSFØRERS
FORENING - MEDLEM

HÅ REGNSKAP OG DATA A/S

Rådhusgt. 2, Boks 104, 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 04 77 - Fax 51 43 02 28
Mobil 94 67 27 76

Regnskap - Lønn - Årsoppgjør
Firmaregistreringer - Budsjett m.m



Varhaug Bondelag

Vår på Jæren



Endelig er våren her. Etter ein laaaang og kald vinter er det godt å kjenne at sola varmer i nakken og kjenna hevdalukta riv i nasen. Ein litt spesiell vår har det blitt for oss bønder ettersom dei fleste kjelvene ennå i skrivande stund (15. April) er brune og visne på grunn av den spesielle vinteren. Når dette vert lest så har det forhåpentligvis vorte grønt. Mange har valgt å stå i stuen for å vera på den sikra sida, mens andre set sin lit til an Rangvald som sa på vårmotet i mars at finnst det grøne spirer i kjelva så står det til liv.

Vårmotet slo tydeligvis godt an. Det litt spesielle opplegget vi hadde i år



Travle dager i sauefjoset - eit sikkert vårteikn. Her er det far Magne som hjelper Magnus Skeie å fore kopplamma.

gjorde tydeligvis at langt fleire møtte fram enn det som har vore vanlig dei siste åra, og det set me pris på. Gildt å få skikkelig respons på det arbeidet som det tross alt er når eit slikt møte skal arrangerast. Ettersom vi bønder etter sigende har eit ensomt arbeid, er det viktig å kunna motast av og til. Når vi i tillegg til dros og god mat kan få med oss nokre faglige råd og tips burde endå fleire nytta høvet til å fått med seg dette arrangementet.

Lokallagsarbeidet er som vanlig på denne årstida lagt i eit lågare gir. Det



Gode ployeforhold i år. Arvid Ueland sit i traktoren.

betyr ikkje at vi ikkje har ting på gang. Grillkveld, Marken og ikkje minst arbeidet med Open Gard arrangementet i august hjå Erik T og Leif Arne Skretting er arrangement som må gå sin gang enten det er siloslått eller ikkje. I tillegg har både Norges Bondelag og Rogaland Bondelag jubileumsfeiringer i år, noko som vi i lokallaga og er engasjert i på ymse vis.

Vi i styret ynskjer å vera tilgjengelige for medlemmane, ta for all del kontakt dersom det er saker som de meiner me bør engasjera oss i. Tips oss og om ting me kan/bør ta opp i «Varhaugbuen».

Nå er vi, og mange med oss spent på kva som vil skje når jordbruks-

forhandlingane tek til i Mai. Her kan det bli harde tak, kanskje så harde at det krevst at grasrota (ikkje den visna) og må engasjera seg. Erfaringane har vist at Gunnhild ikkje alltid er like lett å ha med å gjera. Her som ellers -sorgar og bekymringer skal ikkje tast på forskudd!

Vi ynskjer dykk alle ein fortsatt god vår og ein laaang og varm sommer med passe nedbør.

Styret



Frå Open Gard i Kvasselvbakken 1993. Hest og kjerre er alltid populært blandt dei minste



Varhaug Handelslag



Grillfesten



*Grill er kos meiner desse mannagrisene f.v. Leif Erik Nord
Varhaug, Ove Ånestad, Eilef Aasland, Johan Arnt
Skrettingland og Mons Skrettingland.*

Mandag 3. Juni kl. 19.00 arrangerer Bondelaget og Bondekvinne-
laget den årlige grillkvelden på Holmavatnet. Opplegget er som
vanlig at vi er ute og griller og koser oss til i 8 - 9 tida før me går inn
i peisestovå til Torfinn og Oddny der me avslutter kvelden med
underhaldning og utlodning.

Me håper på godt ver og godt frammøte i år og. Ta med heile
familien og kom.

Spreieareal



*Husdyrgjødsel er ein viktig ressurs. Her er det Magne Skeie
som spreier på beitet.*

**Møte mellom rep. frå bondelaga i Hå og Hå kommune vedr.
spreieareal i kommunen.**

Møte var på Rådhuset 9. febr. og for VBL møtte Arne Odland og
Sigmund Rangen. Det blei ein gjennomgang av den aktuelle
situasjonen, og arbeidet til Hå kommune vart og gjennomgått. I frå
VBL si side er me godt nøgd med det engasjementet som er vist frå
kommunen si side. Det var stor enighet om å arbeida aktivt på alle
plan mot ei skjerping av spreiearealkrava, kombinert med dette vil
ein arbeide for at husdyrgjødsel får ein utvida og mest mogleg
fornuftig bruk. Det vart og opplyst at Hå kommune hadde kjøpt inn
tørka husdyrgjødsel frå eit lokalt foredlingsanlegg til å bruka på alle

grøntanlegg i kommunen. Dette vil VBL gje
Hå kommune honor for og oppnoda bygde-
folket til å gjer det same i sine hagar.

Det vart og satt ned eit utval som skal sjå
på mulighetene for å foredle husdyrgjødsel
og muligens skapa arbeidsplassar. Dette ut-
valget består av Kjellaug Varhaug, Tor Hen-
rik Søyland (Hå kommune sine rep), Asbjørn
B Voll og Njål Stokka med Halvor Egeland
som vararep., er bondelaga sine rep. Det vert
og ein rep. frå Reime AS med Rådmannen
som sekr. Hå kommune har løyvet kr 50.000,-
til dette.



Postboks 53, 4360 Varhaug. Tlf. 51 43 08 23

R. SKRETTEING A.S
KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT

4360 VARHAUG - TLF.: 51 42 02 16



«Jærhus-saka»

Varhaug Bondelag har i den siste tida
engasjert seg i saka der Iris og Erling Auestad
har fått bot for å rive eit gammalt jærhus på
garden deira. Det er eit faktum at det i alle år
ikkje har vorte praktisert å søkja om å riva
gamle bygningar rundt om på gardane og
ellers i Hå Kommune. Av denne grunn ser vi
det svært urimelig at ein enkelt grunneigar
plutsleg skal verta botlagd for å gjera dette.
Vi har gjordt vårt syn på dette klart for
kommunen og meint at kommunen burde tatt
på seg den økonomiske delen i denne saka.
Hå Kommune ville ikkje ta noko ansvar for
det som har skjedd, og på grunnlag av dette
har Varhaug Bondelag valgt å starta ei kroner-
ulling der me oppmoder alle som ser det
urimelige i dette som har skjedd å gje eit
beløp for å vise sin støtte til dei som dette har
gått ut over.



Jubileumsutstilling på Jærmusèet «Bondekvinnelaget 50 år»

Saman med representantar frå Jærmusèet og medlemar av ulike bondekvinnelag i Rogaland, samlast me til møte på Jærmusèet i november 1995.

Det vart snakka om forslag og idéar til ei utstilling på Jærmusèet. Me vart så delt inn i 4 ulike grupper;

- ei skulle ha ansvar for innredning av hus (heimehuset på 4H garden).
- ei skulle ta seg av «dei daglege tinga

på garden i 1946».

- ei skulle ta seg av «dei store dagane» i 1946 (dåp, bryllup osv.)

Gruppa som Varhaug bondekvinnelag er med og arbeidar i kallast «den moderne bondekvinna i 1996. Me er 7 stk i gruppa vår, og har med oss Ingeborg Nærland Skjærpe og Målfrid Grimstvedt frå Jærmusèet.

Etter eit par gruppemøter, er me nå godt i gang med arbeidet i vår gruppe. Me har skrive dagbøker - og me har fått med oss andre til å skriva dagbøker.

Det å få skrive dagbøker skal hjelpe til å få eit inntrykk av korleis kvardagen for kvinna på ein gard er i dag.

Me har så vorte delt inn i 3 ulike grupper;

- gardshusmor
- tradisjonelle kvinnebønder
- moderne kvinnebønder.

Ut frå dette skal me fletta saman tinga og laga utstilling. Denne gruppa sitt arbeid skal verta å sjå på «hemsen» på Jærmusèet. Vår gruppe skal prøva å visa bondekvinna i 1996.

Det som det vert arbeidt med i desse dagane er foto. Ingeborg er rundt og fotograferar ulike bondekvinner i ulike situasjonar.

Utstillinga vert åpna 23. juni, og første aktivitet vert St. Hans bryllup. Så vert det ulike aktivitetar utetter heile sommaren og hausten:

- 4. august - barselseng
- 11. august - barnedåp
- 15. sept. - gravferd
- 29. sept. - konfirmasjon

29. september vert og siste aktivitetsdag. Men utstillinga vert nok ei stund etter det - til uti oktober.

Som ein ser, er det mykje som skal henda på Jærmusèet. Alle bør få med seg ein dag, og ein eller fleire av aktivitetane som skal vera der. Det er ikkje kvar dag og kvart år at bondekvinnelaget får slike høve til å «markedsføra» seg.

Her har me og høvet til å få sjå livet til bondekvinna før, og me får sjå korleis bondekvinna er i dag - i 1996.

Brit Irene

**Betre
å eiga
enn å leiga**



Husbankfinansiert, med livsløpstandard.
Kontakt:

BYGGMESTER
Jon Harald
Håland

Kydlandsv. 6, 4360 Varhaug, mob.tlf. 94 67 66 48
Tlf. 51 43 07 70 - (priv.) 51 43 05 03.



- fagkunnskap gir trygghet.



Årsmøte i Rogaland Bondekvinnelag

22. og 23. mars var bondekvinnelaga i Hå - Nærbo. Varhaug og Ogn/Vigrestad - vertskap for RBK sitt årsmøte, som vart halde på Ognatun Ungdomssenter.

Ognatun var ein fantastisk plass å vera. Den nye leiaren for senteret var heilt topp, og me kunne ikkje hatt det betre. Servisen var på topp heile tida.

Møtet starta på fredag kl. 12.00 med ein flott lunsj - ertersuppe og rundstykker. Det var ikkje berre maten som var flott. Overalt var det blomsteroppsatser i melkespann.

Og på alle borda var det plassert forskjellige krydderplanter med saks v/sida, slik at alle kunne klippe akkurat den kryddersorten dei ville ha.

Opplegget på Ognatun var det Ogn/Vigrestad bondekvinnelag som hadde ansvaret for, og blomane og krydderplantene var Bente Aarsland sitt verk. Det vil forundra meg mykje om ikkje ho får fleire nye «krydderkunder» i tida som kjem.

Etter lunsjen, gjekk ein over til sjølve årsmøtet. Her var det helsing frå ordforaren i Hå, som ga bondekvinnelaga skroyd og sa me var tøffe som hadde teke på oss dette arrangementet.

Årsmøteforedraget handla om spise-

forstyrrelser, og var ved Merethe Undem og Edel Irene Aase. Merethe Undem hadde sjølv hatt slike problem, og ho arbeidar i dag på Senteret for spiseforstyrrelser i Rogaland.

Vidare var det helsing frå NBK v/leiaren Liv Skogset Værdal, og ein tok for seg dei vanlege årsmøtesakene slik som årsmelding, rekneskap, budsjett, arbeidsplan og årsmøteuttale.

Men det nyttar ikkje å sitja på møte ein lang ettermiddag utan kaffi. Og til kaffipausen vart det servert så mykje god og flott kaffimatt, at eg har ikkje sett maken. Her var alt «hva ditt hjerte måtte begjære».

Det var Varhaug bondekvinnelag som hadde ansvaret for kaffimatten, og eg vil her få retta ein stor takk til alle de som laga til og leverte denne flotte og gode maten. Hjarteleg takk alle saman!

Eg må her ikkje glemma å nemna dei flotte bordkorta som Torill Serigstad Opstad hadde laga. Det vart eit kort til kvar utsending, og med forskjellige motiv på alle. Heilt fantastisk!

Fredagskvelden var det flott årsmøtefest i samfunnshuset på Nærbo. Denne var det Nærbo og Varhaug bondekvinnelag som hadde ordna med.

Eg hadde fått i oppdrag å leia festen, og etter åpningsorda mine hadde Anne Sor-Reime ein fantastisk flott prolog. Om programmet elles på festen, viser eg til Reidun Kvalbein sitt innlegg i Jærbladet. Nærbo bygdeungdomslag sytte for rask og god servering.

Årsmøtet heldt fram på laurdag med frokost på Ognatun, før ein drog til Ogn kyrkja. Her var det ord for dagen v/Anda.

Deretter var me på synfaring rundt i den nye kyrkja, og Reidun Kvalbein ga oss eit innblikk i kyrkja si historie.

Så var det tilbake til Ognatun igjen, der årsmøtet heldt fram med bl. a. organisasjonsaker, val, ordet fritt og helsingar.

Kl. 13.00 var møtet over, og det var tid til ein god lunsj før me reiste heim. Me som var vertskap tykte det hadde vore eit greitt årsmøte på alle måtar. Ognatun var ein god plass å vera, og heile avviklinga av årsmøtet gjekk unna på ein lun og god måte.

Til slutt vil eg få takka alle dei som sponsa årsmeldinga.

Jenny Hadland

Vi leverer alt av:

Spesialmørtel og epoxy

som f. eks. * Hurtigherdede limmørtel * Eksapandrede mørtel * Hurtigmørtel * Flisemørtel * Flikmørtel * Reparasjonsmørtel * Lim (til tre/gulv/vegg) tapet * Nortell slammasse * Hurtigherdede sparkelmasse * Selvtugjevne avrettermasse * Undervannsmasse * Epoxy * Tilsetningsstoff

Alt hva du trenger av spesialstoffer får du hos oss.

Du når oss på tlf. 51 43 02 10 mob. 94 67 27 15

Personsøker 096 87 066



RESCON AS

AVD. ROGALAND

DUBLANDSVN. 4360 VARHAUG

RESCON AS



Varhaug Bondekvinnelag



Bingo

Det har vorte tradisjon å be inn Klok-kargarden til aprilmotet i bondekvinnelaget. Då har me alltid litt ekstra fine skjever og fløytekaker samt underhaldning. I år hadde me fått med oss Frelsesarmeen på Bryne, og dei song fleire fine, friske sanger.

Det er og tradisjon med bingo, og me hadde fleire spel med fine premiar. Liv måtte og som vanleg lesa Torvald Thu's «Høna som kom frå byen, for den likar Egil så godt.

Det var ein triveleg kveld der alle kosa seg med både mat og underhaldning. Takk til Brit for dei fine blomsteroppsatsane!

Ekstra gildt var det og at det kom 4 nye medlemmar. Det såg ut som om desse treivst i lag med oss «gamle», og me håpar at dei vil koma att. Det trengst noko ungt, nytt blod i laget!

Helsing styret.

Vevkurs

Nå er det 3. vevkurset i INTERNATET slutt, men dersom det er interesse for det vert det nytt kurs til hausten. Torill Haver har lova å vera lærar. På dette siste kurset gjekk det berre 5 stk, og det er i minste laget. Under Varhaugmarken vil me prøva å få til ei lita utstilling av ein del av dei vovne tinga. Håpar at dette vil auka interessen for å gå på kurs.

Litt fra RBK

Ja, så har eg vore på mitt førstestyremøte i RBK. Menye vart varmt og godt motteke, slik at me følte oss «heime» med ein gong.

Det var mykje me skulle diskutera og ta standpunkt til, og det var litt av ei «lekse» eg hadde fått tilsendt for møtet, og som eg etter beste evne hadde prøvt å seia meg inn i.

Det er mange utval og nemnder som me som styremedlemar må vera med i. Min «jobb» vart å mota i styremøta til Rogaland BU ein gong i månaden, så de forstår at eg vert ikkje arbeidsledig i tida som kjem.

I august kjem det gjester til RBK frå Estland. Eg vart og med i ein komité som skal førebu opphaldet for desse. Dette gler eg meg verkeleg til.

Styremøtet var elles veldig ryddig, og me som var nye tykte dei «gamle» lytta til det me kom med. Ved oppsett av moteplan tok dei hensyn til at mange gjekk i arbeid m.m. Sjølv om det nok kjem til å verta ein del ekstra å gjera for meg i dette vervet, så ser eg fram til samarbeidet med dei andre i styret. Eg trur at dette vil verta ei gild tid for meg.

Jenny



Redaksjonen vil få ynskja Jenny lukke til som nyvald styremedlem i Rogaland Bondekvinnelag for 2 år.



Alt du trenger
der du bor



Auestad A/S
4360 VARHAUG

EN LOKAL MESTER STÅR BAK



SL.BYGG A/S
SKRETTING & INGBRETHSEN

Tlf./fax 51 43 04 95
Mobiltlf. 94 41 94 19

Tradisjon i solid håndverk

VARHAUGBUENr. 2 1996

Trenger du elektriker?



Ja, dette ordner vi...

- o Husinstallasjoner
- o Varmekabelanlegg
- o Alt i industri/automatikk
- o Svakstrømsanlegg
- o Brannalarm
- o Tyverialarm
- o Data anlegg
- o Vedlikehold
- o Planlegging
- o Landbruksinstallasjoner

INSTALLASJONS- AVD.

Nærbo Handelslag, 4350 Nærbo
Kvalitet til riktig pris og hurtig service

Telefon 51 43 33 61 - 51 43 30 11
Vakttelefon 94 67 46 76





Svala 4H



Norske 4H 60år

17. mars hadde 4H klubbane aktivitetsdag på Kvia-garden, for å markere (feire) 60 års jubileumet av norske 4H.

4H er i dag ein av Norges største barn og ungdomsorganisasjoner. I Hå markerte me 60 års jubileumet med aktivitetsdag på Kvia-garden.

Svala 4H bidrog med steiking av pinnebrød, halen på grisen og toving av baller. Andre 4H klubbar bidrog med natursti, spikring av fuglekasser, flugebinding mm.

Ordføraren var også til stede og spikra skilt om godkjent 4H gard.

Inne i jærmuseumet er det 4H utstilling som skal stå til uti mai.

Det var mykje folk og gratis kake å få.

Siv Helen U. og Marit Johanne K.

Hå-cup i volleyball



Lordag den 20. April starta Hå-cupen i Varhaughallen kl. 9.00. Vi byrja med 4H løftet, nokre reglar og litt oppvarming, før kampane var i full gang kl. 10.00.

Svala sitt seniorlag kom på en fin, fin 3. plass med to tap og to seirar. Seniorlaget bestod av: Åsgeir Aasland, Anita Aasland, Steinar B. Kartevold, Elisabeth Åmodt, Kathrine Todnem og Kjell Benny Askvik.

Svala sitt juniorlag kom til finalen og vant 2-0 mot Sjøglimt. Juniorlaget bestod av: Kathrine Ridola, Guri Marie Flåten, Kai Arne Askvik, Kim Tore Varhaug, Heine Knutsen og Ingvar Ueland.

Senior finalen gjekk mellom Sjøglimt og Solglimt. Sjøglimt vant 2-0.

Marit Johanne og Siv Helen



AH Bygg Auestad & Håland AS

Telefon 51 43 11 08

Mob.tlf. 94 60 16 37

" 94 60 16 24

Damebyen 27, 4360 Varhaug



JÆREN AUTO AS

Import og salg av Biler og Bildeler - Bilverksted - Bilrekvisita
4360 VARHAUG - Tlf. (04) 43 04 22 - Telefax (04) 43 07 73



Sentrum salongen

DAMEFRISØR - HERREFRISØR

ORIG.WOLFF SOLARIUM

Møllevegen 13

Telefon: 43 11 02



Journalist som oppgave



Johanne Bakkevold Siv Helen Ueland

2 av medlemmane i Svala 4H har journalist som oppgave i år. Dei to er Marit Johanne Bakkevold og Siv Helen Ueland. Deira oppgave vil vera å laga innlegg i Varhaugbuen.

Aspirantane i Svala 4H

Vi er ein gjeng på ca. 20 aspirantar som møter til aspirantmøte eingong i månaden. Då har vi mange forskjellige aktivitetar; rød og grønkveld. Aspirantane tok på seg røde eller grønne klær og vi serverte rød og grønn gele. Vi spiller spill, et snop og drikk brus og har det gult i lag. Men med over 20 viltra aspirantar kan det nok bli litt uro og skjenning

Torsdag 18. April hadde vi musikkveld, eigentleg skulle vi ha hatt fotball og håndball kveld, men det blåste og regna så vi hadde musikkveld i sta-



Her har vi heile aspirant-gjengen samlet, ca. 20 stk

den. Aspirantane skulle stemme på sangen dei likte best, og sangen som vant vart "Oh, Baby AU", med Sonic Dream Collective.

Så lærte aspirantane 4H løftet som lyder slik:

**Vi lover mot det mål å
bli ein ungdom med:
Klart Hovud,
Varmt Hjarte,
Flinke Hender og
God Helse**

Anita & Elisabeth

Varhaug Hud og Fotpleie

Stasjonsv. 20

Tlf. 51 43 13 69

Stueland Trevare

4360 Varhaug, Tlf. 51 43 00 00, Telefax: 51 43 09 93



Jæren NATURTERAPI

Gjertrud Hobberstad
Naturterapeut medl. NNH

Aromaterapi
Zoneterapi
Kinesiologi
Øreakupunktur



Dysjalandv. 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 00 36



Liljekonvallen

Blomstrende gaver til alle anledninger finner du i

Stasjonsveien 14. på Varhaug

Tlf. 51 43 12 72



Disco

Vi har hatt 2 diskotek dette året. Eit på Elgane og ett på "Iden". Det var to vellykkede diskotek med ca. 60 deltakere.

Grunnen til at det var så få diskoteker er at vi har hatt litt klatt med lokaler, og mye snø. Men vi håper det blir "bonn gass" med mange fleire diskoteker neste år

Bridge kurs

Mellom 20. februar og 2. april har Varhaug BU arrangert bridge kurs. Det var 14 deltakere på kurset som gikk over 6 kvelder à 2 timer.

Kurset var for nybegynnere, men eg trur me fekk ganske god dreis på det, så med litt trening så varte det nok nokre habile bridge-spellare.

Til slutt vil eg bare takke Sigvart Hobbestad, Varhaug Bridgeklubb og Berton Gudmestad for god hjelp og støtte til å arrangere dette kurset.

Gilde Agro Fellesslakteri BA

Kjøttprodusentenes • bedrift
• interesseorganisasjon
• varemerke

KJØTTSAMVIRKET TIL KJØTTPRODUSENTENS BESTE



**Varhaug
Servicenter A/S**

Tlf. 51 43 02 33 - 4360 VARHAUG



4360 Varhaug
Tlf. 51 43 09 59

**Forskaling og støyping - Betong- og trearbeid
Salg og montering av element - Armering -
Tegning**

HÅBYGG a.s



Dublandsveien 37, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 11 55 * Telefax 51 43 10 87

Midtsommersprell

Varhaug B.U. arrangerer i sommer en minifylkesleir (midtsommersprell) og vil med dette informera om arrangementet.

- * Vi starter opp lørdag 22.06.96 kl. 14.00 med heising av flagg.
- * Det vert ulike aktivitetar utover ettermiddagen.
- * Kl. 20.00 inntek Tommey og Tiger'n scenen med god musikk. Dansen vil verta åpen for alle.
Pris kr. 100,- for medl. i B.U., kr. 120,- for ikkje medl. i B.U.
Aldersgrense på dansen: 16 år medl. i B.U., 18 år ikkje medl. i B.U.
- * For B.U. medl. er det mulighet for overnatting i telt etc. Pris kr. 150,-, men frokost må medbringes.
- * Transport vil bli organisert til midtsommersprellet. Tog frå Stavanger kl. 13.14 ankomst Varhaug kl. 13.50. Retur søndag kl. 11.53 ankomst Stavanger 12.31.
(OBS. Merk endring i sommer-ruten)
- * Ingen transport til og frå dans.

Arr. Varhaug BU



SR-BANK

Best når det gjelder!

Adresse:

Blad

Returadresse:

Varhaug Buen
v/ Anbjørn Ueland
Lensmanskjeden 26
4360 Varhaug

Varhaug Buen

Medlemsblad utgitt av Varhaug
Bygdeungdomslag, Svala 4H,
Varhaug Bondelag og Varhaug
Bondekvinneleg

Opplag: 1300

Redaktør:

Anbjørn Ueland
Tlf.: 51 43 13 01

Varhaug BU:

Roy Arnfinn Håland
Tlf: 51 42 46 34

Hege Kvía
Tlf: 51 43 07 00

Svala 4H

Astrid Skretting
Tlf: 51 43 10 81

Varhaug Bondelag

Sjur Håland
Tlf: 51 43 00 73

Torgny Anestad
Tlf: 51 43 01 15

Varhaug Bondekvinneleg

Liv Høbberstad
51 43 03 93

Chonstance Håland
Tlf: 51 43 02 68

Kva skjer?

Varhaug BU:

Mai

- 25 FM Blomster på Jærdagen
- 26 Leirdueskyting, VBU

Juni

- 2 Fotballturnering Løkkå
- 7 Smådisko, Elgane
- 8 FM Flotekakepynting, Varhaug Marken
- 9 Friluftsdag VBU, Fisking/grilling
- 22 Fylkesleir m/loedans Skrettinglang, Varhaug BU

Juli

- 23-28 Landsleir Oppdal, Sør-Trøndelag

August

- 29 Årsmøte Varhaug BU

Svala 4H:

Mai

- 28 Seniorsmøte
- 29 Grilltur

Juni

- 4 Juniorsmøte
- 6 Aspirantsmøte
- 7-9 Aspirantleir i Møgedalen
- 18 Seniorsmøte

Januar 97

- 27-30 Fylkesleir på Øksnevad

Varhaug Bondekvinneleg:

Mai

- 20 Staudebyting

Juni

- 3 Grillkveld sammen med bondelaget
- 7-8 Varhaugmarken

August

- 29 Medlemsmøte -tur

September

- 14 Basar/Eldresenteret
- 26 Årsmøte

Oktober

- 31 Medlemsmøte

Stoffrist:
28. August 1996

Til nr. 3
Bladet kjem ut uke 38

**HOS OSS KAN DU BETALE REGNINGENE
DINE PR. TELEFON.
INGEN GEBYR!**



TIME  **SPAREBANK**